



Mykje vatn, men ikkje flaum, seier dei lokalkjende. Uskedalselva ved Haugland tysdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Det har ikkje vanta flaum-meldingar frå lenger inne i fjorden i dei siste dagane. Det spørsmål uskedalingane stiller seg er difor: Blir det flaum også i Uskedalselva? Vannstanden var høg i føremiddagstimane i går, men elva hadde ikkje gått over sine breidder. Og etterkvart vart det gløtt av blå himmel...**

Ein som naturleg nok følgjer utviklinga i elva tett, er Steinar Myklebust på Rabben Camping. Han hadde beroligande ord å komma med: - Ingen fåre, sa han, - det blir ikkje flaum av dette. Dette er berre normalt! Men mykje regn har det kome også i Uskedalen dei siste dagane. Her er det ingen målestasjon i funksjon no, men det gjev ein peikepinn at det ved Statkraft i Mauranger fall 160 millimeter frå fredag morgon til måndag morgon.

Vegen har vore stengt ved Furebergsfossen og i Muradalen gjekk Hattebergselva langt over sine breidder.

Av Ola Matti Mathisen